

Tømrerglede AS  
Solendvegen 254  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9446 - 21/79480

Saksbehandlar:  
Atle Magne Strandos  
atle.magne.strandos@alver.kommune.no

Dato:  
24.11.2021

## Løyve til oppføring av piperehabilitering - gbnr 452/2 Kolstad

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 1265/21**  
**Tiltakshavar:** Torill Stavenes  
**Ansvarleg søker:** Tømrerglede AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

**Det vert gjeve løyve for rehabilitering av pipe i bustadhús.**

**Det vert gjeve fritak for nabovarsling. Omsøkte tiltak for rehabilitering av pipe vil ikkje berøre naboar sine interesser.**

**Før rehabilitert pipe vert teken i bruk må det søkjast om ferdigattest/mellombels bruksløyve.**

**Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om rehabilitering av pipe. Val av løysing er beskrive i søknaden.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.11.21.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.11.21 og frist for sakshandsaming er 3 veker fra denne dato.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNFR-område, spredt bustadbebyggelse, noverande.

### **Dispensasjon**

I søknaden er det søkt om dispensasjon fra krav om nabovarsling. Det er ikke anledning å gje dispensasjon fra sakshandsamingsreglene, men det er heller ikke behov for dispensasjon for dette forholdet. I pbl. §21-3, 2. ledd står det mellom anna at; «Varsel etter første ledd kan unnlates når arbeidet ikke, eller i liten grad, berører interessene til naboer og gjenboere.» I denne saka er kommunen samd med søker at nabo sine interesser ikke er berørt, og at det ikke vil vere behov for nabovarsel.

### **Nabovarsel**

Sjå ovanfor under «dispensasjon».

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og først opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK). Det skal nyttast preaksepterte og typegodkjende løysingar.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/9446**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Atle Magne Strandos  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

|                 |                    |      |        |
|-----------------|--------------------|------|--------|
| Torill Stavenes | Radøyvegen<br>1402 | 5936 | MANGER |
| Tømrerglede AS  | Solendvegen<br>254 | 5936 | MANGER |